

Den mandag 13. juni 2016 skrev JanIngar <jan.ingar.markussen@nettstar.as> følgende:
Hei!

1. Muren er fundamentert iht vedlagt skisse. Fjellet under første delen av muren ligg 1 til 1,5 m under planert nivå. All jord/blanda masse er fjerna, og reine, sorterte steinmasser er planert ut og komprimert.

Bunnstein på mur ligg ca 15 til 20cm under planert nivå. Øverste del av komprimert fundament består av 32-64mm pukk, som også er brukt som bakfyll til mur, og som motfylling foran bunnstein.

Dette iht vanlig standard på tilsvarende murer for Statens Vegvesen.

Avstand frå mur og ut til VA grøft i eks veg er så stor at graving der vil ikkje bli et problem.

2. Før eg starta med muring, ba eg om utstikking iht plassering i forhold til ny søknad. Ba spesielt om å få linjene som eg skulle mure etter. Då eg kom på plassen var det bolter i fjell og snorer strekt ut.

La meg 10 til 15 cm innafor desse linjene for å være på den "sikre sida"

Dersom det i søknad er lagt føringer for avstand til lyktestolpe, har eg nok desverre ikkje fått dette med meg.

Eg kan overfor kommunen gje ei signert erklæring om at vårt firma kostnadsfritt flytter fundament og stolpe, dersom dette skulle bli nødvendig.

Regner med at det kan løse dette problemet.

3. Grunn til at avkjørsel ikkje er laga heilt etter kravene, er at eks. vann og avløp ligg på 0,5m dybde iht eks. veg. Dersom me skulle gått flatt inn, eller faktisk med litt fall før veien skulle begynne å stige, slik som i kravene, ville

ferdig veg 2-3m inne i avkjørselen lagt heilt nede på nivå med nytt vann og avløp til tomten.

Me har sikra vann og avløp med dobbel isolering, isolering under noe av ledningen, og har også bygd "kasse" på sidene av VA, dei første 8 til 10m, og har, ved å bygge avkjørsel slik den ligg i dag, klart å få ledningene frostfritt.

Dette hadde ikkje vært mulig dersom me skulle laga avkjørsel iht kravene.

Same grunn gjeldt for manglende rør gjennom avkjørsel. Dersom dette hadde blitt lagt ned, ville bunn rør vært nesten nede på vannledning, og fungert som ei kuldebro, slik at faren for at vannledning hadde frose, hadde vært svært stor.

Me har masseutskifta heile første 2m av utkørselen med 32-64mm pukk, renska grøft langs fjell og fyllt med pukk, slik at drenering skal være tilfredsstillende.

Vil berre overfor kommunen nevne at grunnen til desse problema er slett utførelse då feltet vart bygd ut, med påkoblingspunkt for VA som ligg med kun 0,5m overdekning, og som var vårt utgangspunkt for vidare grøft.

Sender også med ei skisse av snitt vedr. fundamentering for mur, og for utkørsel.


Håper dette er nok overfor kommunen.

For Ole Markussen & Sønner AS


Jan Ingar Markussen

Tomt for Eivind Sjørusen

Snitt vedr. utkjørsel
Målestokk 1:100



Snitt vedr. fundamentering av mur.



Fotlandsvag 13/6-2016

for Ole Markusson & Sønn AS
Jan-Lars Madarve